

Framleis inga avklåring om den andre supplybåten

09.04.2010



Får Eidsvik jobben også med å utstyra dette skroget? Det veit ingen i dag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er framleis inga avklåring om finansiering av den andre supplybåten ved Eidsvik Skipsbyggeri, får uskedalen.no opplyst i leiinga for den største bedrifta i Uskedalen. At skroget som har lege lenge ved Børneskaien no er flytta over til verftet betyr altså ikkje at Eidsvik har fått også denne kontrakta.



Torsdag var Eidsvik ferdig med jobben på den første supplybåten. Her ligg både den og det "nye" skroget ved verftet før den fullførte båten la fra kai. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Supplybåten Siem Pilot gjekk frå Eidsvik torsdag etter at verftet hadde fullført denne jobben. Båten, som no er overteke av Siem Meling Offshore i Stavanger, gjekk til Ågotnes for utsjekking til Nordsjøen, men seinare skal den til Brasil.

Reiarlaget skal førebels ikkje ha klårt noko engasjement for supplybåt nummer 2 og det ligg til grunn for den manglande finansiering.

Eidsvik har vel 20 av sine ansatte i permisjon på grunn av den aktuelle situasjon og no er det også streik som trugar frå søndag. Klubbleiar Børre Brede vonar at det ikkje blir streik, men klubben har gjennomført nødvendig mobilisering. Det er 38 medlemmer av Felles forbundet hos Eidsvik.

- Det handlar om lister for streikevakter og slikt. Situasjonen er spesiell når dei fleste av medlemene er permitterte. Ein eventuell konflikt hadde arta seg på ein annan måte hvis det var full aktivitet.

Skulle det bli streik, må dei permitterte medlemene over på strekestøtteordning, opplyser Brede til Kvinnheringen.

Men Brede trøystar seg med at ein eventuell streik ikkje vil råka verftet i særleg grad.

Av Ola Matti Mathisen